
Saksnr: 2020/79377-5
Saksbehandlar: Andreas Ask

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		02.03.2021

Tilskot til friskliv-, læring- og meistringstilbod år 2021

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet vedtek «*Tilskot til kommunale friskliv-, læring- og meistringstilbod*» slik det ligg føre, jf. vedlegg 1.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlar for ordninga der fylkesadministrasjon behandlar søknadar med bakgrunn i Helsedirektoratet sitt nasjonale regelverk, lokale tilpassingar og statlege føringar i statsbudsjett 2021 knytt til leve heile livet satsinga¹
3. Fylkesutvalet får lagt fram ei orientering om tildelingane etter siste utdeling av tilskot.

Samandrag

Saka omfattar føringar og økonomiske rammer for forvaltningsoppgåva for ordninga «*Tilskot til etablering og utvikling av kommunale Friskliv-, læring- og meistringstilbod*». Fylkeskommunen skal stille seg til Regelverk frå Helsedirektoratet og statlege føringar i statsbudsjettet 2021. Ordninga gir likevel rom for å imøtekomme lokale behov.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tilskot til etablering og utvikling av kommunale friskliv-, læring- og meistringstilbod 2021
- 2 Oversikt fordeling av beløp 2021

¹ Jfr. Presisering i Statsbudsjettet for 2021: «*I forvaltningen av tilskuddet skal de kommunene som omstiller seg i tråd med leve hele livet bli prioritert, jf. Nærmere omtale under kap. 761*».

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I St. Meld 6 (2018-2019) «*Oppgaver til nye regioner*» vart det klart at Vestland fylkeskommune frå 2020 fekk overført forvaltningsansvaret for «*Tilskudd til etablering og utvikling av kommunale Friskliv-, læring- og meistringstilbud*» frå Statsforvaltaren. Ordninga omfattar etablering av nye frisklivssentralar, etablerte frisklivssentralar og frisklivstilbud i kommunar som ikkje har etablert frisklivssentral.

Overføring av oppgåva inneber at fylkeskommunen lyser ut tilskota, tek imot og vurderer søknadar frå kommunane, tildeler midlar, samt rapporterer til Helsedirektoratet. Helsedirektoratet har tilpassa regelverket til fylkeskommunen, og fordeler midlar til fylka etter ein fordelingsnøkkel. Vestland fylkeskommune har fått signal om at i år 2021 vil fylkeskommunen bli tildelt kr. 1 850 000,- (Vedlegg 2).

Alle fylkeskommunar skal stille seg til det nasjonale regelverket, og det skal alltid liggje til grunn i sakshandsaminga. Regelverket gir likevel rom for skjønnsmessige vurderingar samt lokal tilpassing som imøtekome lokale behov. I statsbudsjett for 2021 er det også lagt føringar for at kommunar som omstiller seg i tråd med reforma vil bli prioritert i «*Tilskot til kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbud*». Dei nye føringane lagt i statsbudsjett skal ikkje medføre endringar i gjeldande regelverk. Forslag til rammer for «*Tilskot til kommunale friskliv-, læring- og meistringstilbud*» ligg som vedlegg 1.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i saker som etter lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ, jf. Delegeringsreglementet pkt 2.1.7.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Midlane for tilskotsordninga vert løyvd og tildelt frå Helsedirektoratet til fylkeskommunen.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Tilskotsordninga vil bidra med å utvikle kommunale tenester som fremjar fysisk og psykisk helse, førebygge sjukdom, bidreg til meistring av sjukdom og til ei betre samhandling og ressursutnytting i helse- og omsorgstenesta. Dette i tråd med overordna mål med ordninga.

Utviklingsplan for Vestland: Prosjekt og tilbod som vert løyvd midlar skal kunne støtte opp om utfordringar gjort greie for i kunnskapsgrunnlaget, samt fleire mål og strategiar vedtatt i Utviklingsplan for Vestland.

Konklusjon

Fylkeskommunen vil gjennomføre forvaltningsoppgåva for ordninga «*Tilskot til etablering og utvikling av kommunale Friskliv-, læring- og meistringstilbud*» i tråd med det nasjonale regelverket og statlege føringar, i tillegg til å imøtekome lokale behov. Tilskotsordninga vil vere med å styrke innsats for å fremje folkehelsa i Vestland. Fylkesrådmannen tilrår at tilskotsordninga vert vedtatt slik saka ligg føre.